

**Åpning av det 123. ordentlige Storting.**

President: Guttorm Hansen.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Konelige Høyhet Kronprinsen seg tirsdag den 3. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 123. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen ser det fortsatt som en hovedoppgave å trygge sysselsettingen i Norge. De svake økonomiske utsiktene internasjonalt gjør dette til en vanskeligere oppgave enn tidligere.

Som et ledd i arbeidet med å trygge sysselsettingen går Regjeringen inn for ekstraordinære tiltak for en varig og vesentlig demping av priser og kostnader. Dette vil kreve solidaritet av alle grupper.

Det må legges stor vekt på å øke eksporten og begrense importen. Det private forbruk må ikke økes og veksten i det offentlige forbruk må dempes.

Regjeringen vil delta aktivt i arbeidet for en sterkere økonomisk vekst og økt sysselsetting internasjonalt.

Norges utenriks- og sikkerhetspolitiske hovedlinjer ligger fast.

Regjeringen ser det som en viktig oppgave for Norge å fremme det gjensidige forpliktede samarbeid mellom verdens folk. Den vil fortsatt arbeide aktivt for en styrking av De Forente Nasjoner.

Samarbeidet i NATO er hjørnestenen i vår sikkerhetspolitikk. Norge vil gjennom dette samarbeidet og på annen måte virke for økt sikkerhet, fortsatt avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrustning.

Regjeringen vil bidra til en fortsatt utvikling av det nordiske samarbeidet og til å styrke Norges forbindelser med landene i Vest-Europa og Nord-Amerika.

Arbeidet med å utvikle forbindelsene med Sovjetunionen og de andre øst-europeiske land vil fortsette.

Norge vil delta aktivt i arbeidet mot rasdiskriminering. Støtten til de folk som fortsatt ikke har oppnådd selvstendighet må utbygges. Det internasjonale vern om menneskerettighetene må styrkes.

Norges samarbeid med utviklingslandene vil bli ført videre. Regjeringen vil være aktivt med i arbeidet for en ny økonomisk verdensordning.

Regjeringen vil fortsette å arbeide for etablering av internasjonale samarbeidsordninger for havområdene.

Regjeringen vil innenfor rammen av det stramme økonomiske opplegget for 1979 ta særlig hensyn til de gruppene som står økonomisk svakt. Det vil i den forbindelse bli fremet tiltak for barnefamiliene og minstепensjonistene.

I arbeidet for å dempe pris- og kostnadsstigningen vil Regjeringen søke samarbeid med organisasjonene i arbeids- og næringslivet.

Stortingsmeldingen om inntektsfordeling og skattekjøp vil bli fulgt opp med forslag om større endringer i personbeskatningen.

Det vil fortsatt være nødvendig med støttetiltak for norsk industri, men det må gjennomføres en nedtrapping av de spesielle ordningene til fordel for mer generelle tiltak.

Regjeringen vil følge opp planen for økt forskning og utvikling i industrien.

Regjeringen har inngått en prinsippavtale med AB Volvo om norsk overtakelse av 40 % av eierinteressene i Volvo. Når den endelige avtale er ferdig forhandlet, vil Regjeringen legge saken fram for Stortinget.

Drøftinger med andre land om et utvidet energi- og industrisamarbeid vil bli ført videre. Det legges vekt på å komme fram til samarbeidsprosjekter av betydning for industriutviklingen i Norge.

Regjeringen følger utviklingen i skipsbygningsindustrien nøyde og vil om nødvendig gjennomføre omfattende arbeidsmarkedstiltak.

Det er utarbeidet en beredskapsplan som sammen med ordinære sysselsettingstiltak kan omfatte inntil 25 000 personer.

Arbeidet med å hjelpe de grupper som har særlige vanskeligheter med å finne høvelig arbeid, vil bli fortsatt og intensivert.

Regjeringen vil legge grunnlaget for at petroleumsvirksomheten kan holdes på et mest mulig stabilt nivå på lengre sikt. Som ledd i dette tildeles nye blokker syd for 62. breddegrad under 4. konsesjonsrunde. Sikkerhets- og beredskapstiltak vil fortsatt få en sentral plass i oljepolitikken.

Hvis Stortingets behandling av stortingsmeldingen om utblåsinga på Ekofisk-feltet gir grunnlag for det, vil Regjeringen fremme forslag om prøveboring nord for 62. breddegrad.

Det vil bli lagt fram en melding om energiøkonomisering og forslag om forskning av alternative energikilder.

Det vil bli lagt fram forslag om tiltak for å styrke norsk skipsfart og fremmet forslag om ny handelslov.

Regjeringen vil fortsatt føre en aktiv distriktspolitikk, bl. a. gjennom en bedring av den regionale fordeling av private og offentlige arbeidsplasser.

Jord- og skogbrukspolitikken vil bli ført videre etter de retningslinjer som Stortinget har sluttet seg til.

Det vil bli lagt fram en melding om inntekter og levekår i landbruket.

Regjeringen vil legge stor vekt på utbygging av fiskereguleringene til vern om bestandene. Arbeidet med gjennomføringen av langtidsplanen for fiskeriene vil bli ført videre. Utbyggingen av kystvakten fortsetter.

Det vil bli fremmet en melding om forholdene i norsk fiskehermetikkindustri.

Regjeringen vil legge fram forslag til ny lov om kringkasting.

Arbeidet med å forenkle forvaltningen vil fortsette, med særlig vekt på forholdet mellom publikum og forvaltningen.

Det vil bli lagt fram forslag til lov om målbruk i offentlig tjeneste.

Arbeidet for å bedre arbeidsmiljøet vil bli ført videre.

Regjeringen vil arbeide videre med å innføre bedriftsdemokrati i alle deler av norsk arbeidsliv.

Det vil bli fremmet en melding om gjennomføring av medbestemmelsesrett i utenriks skipsfart.

I et forslag til ny lov om læringer og i en melding om utbygging av videregående opplæring vil Regjeringen legge fram tiltak for å fremme samvirket mellom skole og arbeidsliv.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for en langsiktig og forsvarlig forvaltning av våre naturressurser og vårt miljø. Det vil bli lagt vekt på å stimulere oversiktsplasseringen i fylker og kommuner.

Regjeringen vil sikre ytterligere friluftsområder for allmennheten. Det vil bli lagt fram forslag om nasjonalpark på Hardangervidda. Skjærgårdsparken på Sørlandet vil bli søkt utvidet.

Det vil bli lagt fram forslag til lov om vern mot forurensning og forsøpling. Tiltak for å bedre vår forvaltning av vannressursene vil bli satt i verk.

Regjeringen vil legge fram melding om hovedprinsippene i nærmiljøpolitikken.

Regjeringen vil arbeide aktivt for å komme fram til et internasjonalt avtaleverk mot spredning av luftforurensninger over landegrensene.

Boligbyggingen og utbedringen av eldre boliger vil fortsatt være en prioritert oppgave.

Regjeringen vil stimulere til interkommunalt samarbeid om boligbyggingen. Arbeidet med en forenkling av byggesaksbehandlingen vil bli ført videre.

Spørsmålet om bedring av pensjonistenes levekår vil bli lagt fram for Stortinget.

Det vil bli fremmet forslag om midlertidig lov med sikte på å oppnå en samfunnsmessig mer forsvarlig fordeling av legetjenester og en geografisk riktigere spredning av legespesialister.

Utbyggingen av landets psykiske helsevern og helsevernet for psykisk utviklingshemmede vil fortsette.

Regjeringen vil i Det internasjonale barneåret 1979 vie særlig oppmerksomhet til barns og unges oppvekstkår.

Det vil bli lagt fram en melding om hjelpeordninger for hjemmene.

Melding om Norsk Samferdselsplan vil bli lagt fram og arbeidet med trafikksikkerheten vil bli videreført og forsterket.

Regjeringen vil legge fram meldinger om den forebyggende sikkerhetstjeneste og om forskole for sivile tjenestepliktige. Det vil videre bli fremmet proposisjoner om ny lov om rettergangen i straffesaker, om rettshjelp og om endringer i navneloven.

Regjeringen vil legge fram en melding om ny langtidsplan for Forsvaret.

Jeg ber Gud signe Stortings gjerning og erklærer Norges 123. ordentlige Storting åpnet.

**Melding fra Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding**, lesen av statsråd Olav Haukvik:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har arbeidd aktivt gjennom FN, særorganisasjonane i FN og andre internasjonale organisasjoner for å utvikle vidare det mellemfolkelege samarbeidet for å fremje avspenning, fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

Noreg tek del med om lag 1 000 mann i FNs mellombels styrke i Libanon (UNIFIL). Styrken har til oppgåve å vere med på å aterra skape fred og tryggleik i Libanon, og derigjennom også å tryggje freden og stabiliteten i Midt-Austen.

I FN og andre internasjonale fora har Noreg støtt dei folka som framleis kjempar for menneskeverd og sjølvstyre. Regjeringa har vore særleg merksam på utviklinga i det sørlege Afrika og helsar velkommen den utviklinga

mot sjølvstyre og fleirtalsstyre som no er kommen i gang i Namibia.

Noreg gjev humanitær hjelp til dei undertrykte folka i det sørlege Afrika. Ein stor del av stønaden blir kanalisiert gjennom frigjøringsrørslene for Sør-Afrika, Namibia og Zimbabwe. Vidare blir det også gjeve humanitær hjelp gjennom norske og internasjonale organisasjonar.

Noreg var representert på verdskonferansen mot rasisme og rasediskriminering i Genève og gav uttrykk for vilje til å hjelpe underprivilegerte og undertrykte grupper og folk i dei minoritettsyrte områda i det sørlege Afrika og elles i verda. Det vart mellom anna gjort klart at Noreg vil gjere sitt for å auke presset mot Sør-Afrika, for dermed å få gjort ende på apartheid-systemet, og gå inn for eit sterkare vern om rettane til urfolk og framandarbeidarane.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrke respekten for menneskerettane og å gjennomføre dei i alle delar av verda, mellom anna innanfor FN og Europarådet. I dette arbeidet har ein lagt til grunn det utvida menneskerettssomgrepet, som jamstiller dei «tradisjonelle» civile og politiske rettar og fridommar med dei «nyare» økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Noreg har skrive under dei to tilleggsprotokollane til Genève-konvensjonane av 12. august 1949 til vern om ofra frå krigen. Regjeringa tek sikte på å ratifisere desse protokollane så snart råd er. Noreg tek dessutan aktivt del i arbeidet i FN for å komme fram til internasjonale avtaler om restriksjonar på bruken av visse konvensjonelle våpen.

I FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg vore aktivt med i arbeidet for rustningskontroll og nedrustning. Noreg var medlem av den førebuande komiteen til den 10. ekstraordinære generalforsamlinga i FN om nedrustning, og tok aktivt del under spesialsesjonen som vart halden i New York i tida 23. mai—1. juli 1978.

Noreg har i dette arbeidet lagt vekt på tiltak for å hindre spreiling av kjernefysiske våpen. Noreg står arbeidet med å få lagt fredeleg utnytting av atomenergi inn under effektiv internasjonal kontroll. Noreg står også dei planar og forslag som ligg føre, mellom anna i nedrustningskomiteen i Genève, om forbod mot kjemiske våpen og om totalforbod mot prøver med kjernefysiske våpen. Drøftingane av desse spørsmåla har førebels ikkje gjeve konkrete resultat. Noreg har òg arbeidd aktivt i FN for å få sett i gang arbeidet med å greie ut tilhøvet mellom nedrustning og overføring av ressursar til utviklingslanda.

Regjeringa ser det som viktig at drøftin-

gane i Wien om gjensidige reduksjonar av militærstyrkane i Sentral-Europa gjev snarlege resultat. Ved å ta del i desse drøftingane freistar ein på norsk side å oppnå at det også blir teke omsyn til dei synspunkt og interesser Noreg har som flankeland.

Noreg har lagt stor vekt på forhandlingane mellom USA og Sovjetunionen om nye avgrensingar av dei strategiske våpensystema. Noreg ser desse forhandlingane som eit viktig ledd i den generelle avspenningsprosessen, og den vidare utviklinga i aust-vest-tilhøvet.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å styrke og utvikle vidare det tosidige tilhøvet mellom Noreg og Sovjetunionen, og å byggje ut kontaktane med dei andre aust-europeiske landa.

Noreg har arbeidd målmedvite for å få sett i verk sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa på ein balansert måte, og har teke aktivt del i førebuingane til og gjennomføringa av oppfølgingsmøtet i Beograd. Regjeringa har i denne samanhengen lagt vekt på spørsmål om menneskerettar og kontakt mellom menneske, tillitsskapande tiltak på det militære området og miljøvern, og å ta vare på framdrifta i avspenningsprosessen.

Noreg har teke aktivt del i det politiske og militære samarbeidet i NATO. I tillegg til at dette samarbeidet verkar til å gje Noreg og dei allierte tryggleik, gjev det Noreg høve til å vere med i det allierte samarbeidet for vidare politisk avspenning mellom aust og vest, og for nedrustning og rustningskontroll.

Noreg har framleis teke aktivt del i det allierte samarbeidet, også for å utnytte forsvarsressursane betre ved hjelp av auka produksjonssamarbeid, standardisering og operativt samarbeid når det gjeld det militære utstyret til medlemslanda.

Noreg har arbeidd for å byggje ut det vest-europeiske samarbeidet og for å styrke Europarådets rolle i dette samarbeidet.

Gjennom gjestingar på statsrådsnivå og regelbundne rådføringar på embetsmannsplanet har regjeringa freista å utvikle vidare det nære sambandet mellom Noreg og dei vestlege landa.

Det nære samarbeidet mellom dei nordiske landa i Nordisk Råd og Nordisk Ministerråd held fram. Det er vedteke eit nytt program for Nordisk Ministerråd der det er drege opp retningslinjer for det vidare samarbeidet.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrke dei politiske kontaktane med landa i den tredje verda, både tosidig — mellom anna gjennom ei rekkje vitjingar på regjeringsplanet — og gjennom dei internasjonale organisasjonane.

Samarbeidet med utviklingslanda blir ført vidare og bygd ut i samsvar med dei prinsipp og retningsliner som Stortinget har godkjent. Det gjeld både utviklingshjelp og andre økonomiske tilhøve.

Dei offentlege utgiftene Noreg hadde til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid, utgjorde i 1977 i alt 1 611 mill. kroner, ein auke frå 1976 på 387 mill. kroner, eller 32 prosent. Dette svarte til 0,82 prosent av nasjonalproduktet, mot 0,71 prosent i 1976. Noreg er eitt av dei få land som har oppfylt den internasjonale målsetjinga om overføring av 0,7 prosent av bruttonasjonalproduktet til utviklingsland. Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1977 gjekk 56 prosent til tosidige og 44 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1976 var 49 mot 51 prosent. Av den tosidige delen vart om lag ein femtepart administrert av internasjonale hjelpeorganisasjonar.

Det er komme i stand ei rekke avtaler om norsk utviklingshjelp til ulike prosjekt og program i hovudsamarbeidslanda. Det gjeld mellom anna landsbygdutvikling i Botswana, vegbygging i Tanzania, vassforsyning i Zambia og familieplanlegging i India, og ei generell rammeavtale med Mosambik.

Ein vesentleg del av stønaden til hovudsamarbeidslanda i Asia har vore gjeven i form av vareleveransar. Det er vedteke å gje avgrensa importstønad til Bangladesh og Sri Lanka.

Utviklingshjelpa til Vietnam er konsentrert til fiskerisektoren i landet. Det er dessutan underteikna ei avtale om stønad til eit opplæringsprogram for vietnamesisk personell i oljesektoren.

Hjelpesamarbeidet med Portugal er i jamm framgang. I tillegg til hjelpetiltak som alt er sett i gang, mellom anna innan fiske, skogbruk, jordbruk, husbygging og undervisning, er det vedteke å gje hjelp til utbygging av helsesektoren med i alt 100 mill. kr.

Hjelpesamarbeidet med Jamaica held fram. Med etterhald om løyvingar av Stortinget er det inngått avtale om stønad på 9 mill. kroner til eit viktig samarbeidsprosjekt innan skipsfartssektoren.

I samband med det økonomiske samarbeidet som er innleidd med Tyrkia, er det vedteke å gje avgrensa stønad til grunnlagsgranskningar for industrielt samarbeid mellom norske og tyrkiske verksemder.

Noreg har teke aktivt del i ei rekke internasjonale hjelpeorganisasjonar og har som før lagt vekt på å arbeide etter dei retningsliner som er lagde fram for Stortinget. Noreg har gjeve stønad til dei prinsipp som ligg til grunn for krava frå utviklingslanda som ei ny

internasjonal økonomisk verdsordning. I 1977, som tidlegare år, var FNs utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA) dei viktigaste mottakarane av norsk fleirsidig utviklingshjelp. Desse organisasjonane tok i 1977 imot nærmere halvparten av den fleirsidige stønaden. Noreg tok del i opninga av drøftingane om IDAs sjette tilskottsrunde for åra 1980—1982. Noreg har også teke del i drøftingane om ein generell kapitalauke i Verdsbanken (IBRD) og i Det internasjonale finansieringsinstituttet (IFC), i Det afrikanske utviklingsfondet (AfDF) og i Det asiatiske utviklingsfondet (AsDF). Noreg har gått inn for størst mogleg kapitalauke i alle desse institusjonane.

Andre viktige mottakarar av norsk fleirsidig utviklingshjelp var Matvareprogrammet (WFP), Det internasjonale barnefondet (UNICEF), Folkefondet (UNFPA) og Den internasjonale samanslutninga for familieplanlegging.

Noreg har teke del i ei rekke internasjonale drøftingar om utviklingspolitiske spørsmål, såleis på møte i Det økonomiske og sosiale rådet (ECOSOC) og i styret for FNs utviklingsprogram (UNDP).

Arbeidet for å auke bruken av fiskeprotein-konsentrat i dei regulære prosjekta til Matvareprogrammet er ført vidare.

Noreg har gjeve tilsegn om 29 mill. kroner som gåvetilskott til FNs fond for narkotika-kontroll, til stønad for eit pilotprosjekt i Burma for å få ende på ulovleg dyrking og omsetnad av opium.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å styrke internasjonale miljøverntiltak. Særleg er det lagt vekt på arbeidet for å redusere utslepp som fører til atmosfærisk spreiling av luftureiningar, kampen mot havureiningar, tiltak mot spreiling av giftstoff og vern om truga arter.

Regjeringa har arbeidd for å styrke samarbeidet i EFTA og utvikle mellomværet mellom EFTA-land og EF på område av sams interesse.

Noreg har stødd framlegget frå Den europeiske faglege samorganisasjonen om å halde ein trepartskonferanse i regi av Europarådet om økonomisk politikk og sysselsetjing, med deltagarar frå styresmaktene, arbeidstakarane og næringslivet. Noreg har sagt seg budd til å stå som vertsland for ein slik konferanse.

Det er komme i stand langsiktige avtaler med fleire land i Aust- og Sør-Asia for å avgrense lågprisimporten av klede og tekstilarer. Det har ikkje lykkast å komme til semje med Hong Kong, og Regjeringa har sett seg nøydd til å innføre einsidige importreguleringar.

Noreg har teke aktivt del i forhandlingane om eit integrert råvareprogram og eit felles fond for finansiering av internasjonale støyt-putelager av råvarer. Noreg har mellombels slutta seg til Den internasjonale sukkeravtala.

Noreg tek aktivt del i sluttføringa av forhandlingane i GATT om nedbygging av toll og andre handelshindringar, og om utbetring av regelverket for verdshandelen.

I OECD har Noreg godteke fornyinga av fråsega om å avstå frå avgrensande handelspolitiske tiltak for utanrikshandelen.

Regjeringa har sett i verk ei rekke tiltak med sikte på å auke innsatsen for å fremje norsk eksport. Som ledd i dette arbeidet er det skipa eit mellombels Eksportsekretariat i Handelsdepartementet. Det blir òg arbeidd med tiltak som kan ha verknad på lengre sikt. Det har vore lagt vekt på å halde fram norske prosjekt i dei avtalefesta kommisjonsmøta som blir haldne med andre land.

I tidsrommet sidan siste melding er det underskrive nye avtaler om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid med Brasil, Egypt, Jamaica og Tyrkia.

Noreg tok aktivt del i arbeidet på den 7. sesjonen av FNs havrettskonferanse. Konferansen hadde til oppgåve å nå fram til ein ny konvensjon om ein folkerett for havet. I arbeidet inngår mellom anna spørsmål om storleiken på sjøterritoriet, yttergrensa for kontinentsokkelen og avgrensinga av sokkelen og den økonomiske sone mellom nabostatar, og skiping av ein internasjonal organisasjon til å rá over mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare skal traktaten innehalde reglar for løysing av moglege tvistar i samband med bruken av traktaten.

Dei vanskelegaste spørsmåla som enno ikkje er løyste, heng saman med regelverket for utnyttinga av mineralrikdommane på dei store havdjupa.

Noreg oppretta 3. juni 1977 ei fiskevernsone rundt Svalbard med heimel i lova om Noregs økonomiske sone.

Ved kgl. res. av 28. april 1978 vart det gjort vedtak om konkrete reguleringstiltak i fiskevernsona.

Avtala med Sovjetunionen om ei mellombels ordning for fisket i eit område mellom norsk økonomisk sone og sovjetisk fiskerisone i Barentshavet vart underskriven 11. januar. Stortinget samtykte i avtala 9. mars. Avtala er førebels lengd til 1. juli 1979.

Pågangen frå utlandet etter informasjon om norske tilhøve har auka også siste året. I første rekke gjeld dette informasjon om utanrikspolitiske og økonomiske tilhøve. I dei programdrøftingar som siste året har gått for seg om iverksetjinga av gjeldande kulturavtalar,

er det registrert ei klart aukande interesse for norsk innsats også i den mellomstatlege kulturutvekslinga. Gjennom rådet for informasjon om Noreg i utlandet har ein freista å oppnå ei rasjonell samordning av ressursane. Pressebyrået NORINFORM, som er lagt inn under rådet, produserer no fast kunngjeringar på engelsk, fransk, tysk, spansk og norsk.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinene som er fastlagde av Stortinget for åra 1974—78. Innstillinga frå Forsvars-kommisjonen av 1974 vart gjeven til Forsvars-departementet våren 1978, og er for tida til høyring i dei andre departementa og i ei rad andre interesserte organisasjonar og institusjonar.

Folkeengda var 4 065 000 pr. 1. oktober 1978, dvs. 0,4 prosent større enn på same tid i fjor.

I dei første åtte månadene av 1978 vart arbeidsmarkedet gradvis noko mindre stram, men ikkje mykje totalt sett. Den registrerte arbeidsløya var litt høgare og talet på registrerte ledige plassar litt lågare enn på same tid i 1977. Sommaren 1978 var arbeidsmarknaden likevel framleis stram, særleg i internasjonal samanheng. Talet på arbeidslause som var registrerte ved arbeidskontora, utgjorde ved utgangen av august 1,3 prosent av arbeidsstyrken. Etter Statistisk Sentralbyrås kvartalsvise arbeidskraftundersøkingar, som høver best ved internasjonal jamføring, var det 1,5 prosent arbeidslause i 2. kvartal (mai).

Omfanget av førehandsmeldte driftsinnskrenkingar har i januar–august vore litt større enn i same perioden eitt år tidlegare. Talet på registrerte permittere og personar med redusert arbeidstid var i august noko større enn på same tid i fjor.

I perioden januar–august var det gjennomsnittleg 18 000 registrerte arbeidslause, eller 1 600 fleire enn i same tidsrom i 1977. Ved arbeidskontora vart det i månadene januar–juli registrert ein tilgang på i alt 140 000 ledige plassar mot 159 000 i januar–juli i fjor. Ved utgangen av august var det registrert 13 400 fleire arbeidslause enn ledige plassar, mot 5 300 i august 1977.

I perioden januar–august i år vart det gjeve førehandsmelding frå 335 verksemder om oppseiingar, permisjonar og innskrenka arbeidstid for i alt 20 800 personar. Av dei var 4 000 oppseiingar, 14 900 permisjonar og 1 900 innskrenka arbeidstid. Tala for same perioden i fjor var 211 verksemder og 20 100 personar, med ei fordeling i same følgd på 1 600, 15 200 og 3 300. Omfanget av oppseiingar har såleis

auka i høve til i fjar, medan det har vore nedgang når det gjeld permisjonar og innskrenka arbeidstid. Talet på personar som var permitterte og hadde innskrenka arbeidstid ved utgangen av månaden, var i gjennomsnitt for januar–august 1978 9 200 mot 8 700 for same perioden i fjar.

Den kvartalsvise sysselsetningsstatistikken for bergverk, industri og byggje- og anleggsverksemd viser at det frå første halvår 1977 til første halvår 1978 var ein nedgang i industrisysselsetjinga på 5 600 personar, medan det i byggje- og anleggsverksemd var ein auke på 7 700. Nedgangen i industrisysselsetjinga har likevel ikkje ført til nokon større auke i talet på ledige industriarbeidarar.

Innvandringsstoppen står framleis ved lag. Pr. 1. april var det registrert 75 450 utanlandske statsborgarar ved folkeregistra. Det er om lag 4 000 fleire enn på same tid i fjar.

Pr. 1. oktober har staten teke over dei tidlegare kommunale arbeidstilsyna i alle fylke.

I første halvår 1978 vart det gjeve tilsegn om lån, garantiar og tilskott til arbeidsmiljø-investeringar for til saman 100 mill. kroner.

Den statlege lønnsgarantien er i 1978 utvida til også å omfatte arbeidstakarar på fiske- og fangstfarty. Med dette gjeld no lønnsgarantiordninga for alle arbeidstakargrupper.

Ein reknar med at samla produksjonen av varer og tenester vil auke med 3,1 prosent frå 1977 til 1978. Dette er ein mindre auke enn året før, da produksjonen auka med 4,1 prosent. Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m. m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med 0,5 prosent, mot 3,5 prosent frå 1976 til 1977. Ein reknar med at utvinninga av råolje i Nordsjøen aukar frå 8,5 milliardar kroner i 1977 til 14,5 milliardar i 1978 rekna i løpende prisar.

Førebelts oppgåver over varebytet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei sju første månadene av 1978 var 33,0 milliardar kroner, eller om lag 2,2 milliardar kroner mindre enn i same tidsrommet i fjar. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 29,2 milliardar kroner, eller om lag 4,7 milliardar større enn i januar–juli 1977. Av utførsla i dei sju månadene i år utgjorde råolje 5,3 milliardar kroner, mot 3,9 milliardar kroner i same perioden i fjar.

Utanom skip minka innførsla med 5,2 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 14,1 prosent frå januar–juni i fjar til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer og råolje gjekk utførslevolumet ned med 0,6 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) steig i same perioden med 5,1 prosent. For utførte varer gjekk prisane opp med 8,9 prosent.

Det var i januar–mai i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 6 110 mill. kroner, mot 11 080 mill. kroner i dei fem første månadene av 1977. Nedgangen i driftsunderskottet hang saman med ein auke i utførsla av skip og oljeplattformer på om lag 2 900 mill. kroner, ein nedgang i tilsvarande innførsle på om lag 1 400 mill. kroner og ein auke i utførsla av råolje og naturgass på 2 500 mill. kroner. Underskottet på driftsrekneskapen i januar–mai 1978 og ein netto utgang av kortsigtig kapital på 4 415 mill. kroner vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 10 525 mill. kroner.

For jordbruksvekstvilkåra sommaren 1978 noko skiftande. I Nord-Noreg vart avlinga sett ned av tørke, medan han var god i Sør-Noreg. Alt i alt reknar ein med avlingar noko over eit normalår. I hagebruket reknar ein med normalårs avlingar. For husdyrprodukta reknar ein med eit par prosent mindre mjølkeproduksjon enn i 1977 og om lag same slaktetilgangen som i 1977.

I skogbruket vart det avverka 6,8 mill. m<sup>3</sup> tømmer og ved til sal i driftsåret 1976–77. I tillegg vart det avverka 0,7 mill. m<sup>3</sup> til bruk på gardane. Førebelts tal syner at avverkinga var låg også i driftsåret 1977–78.

Utbrytet av fisket vart i 1. halvår om lag 1,4 mill. tonn, mot om lag 1,8 mill. tonn i same perioden i 1977. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 1 530 mill. kroner, som er om lag 130 mill. kroner mindre enn i same tidsrommet i fjar. Nedgangen i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit langt mindre utbyte enn i same perioden 1977. Såleis var loddeutbytet i 1. halvår heile 0,5 mill. tonn mindre enn i same tidsrommet i fjar. Torskefisket gav om lag same utbyte i mengd i 1. halvår 1978 som i 1. halvår i 1977. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk ned frå 2 219 mill. kroner i 1. halvår 1977 til 2 031 mill. kroner i 1. halvår 1978.

Bergverksdrift, industri og kraftforsyning viste produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene ein auke på 13 prosent i høve til same perioden i 1977. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 85 prosent (medrekna oljeutvinning) og for kraftforsyning ein auke på 10 prosent, medan det for industri var ein nedgang på 2 prosent.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1977 var det ein auke i eksportvareproduksjonen på 15 prosent og i konsumvareproduksjonen på 1 prosent. Produksjonen av vareinn-

satsvarer og av investeringsvarer gjekk ned med 1 prosent.

Frå utgangen av juni 1977 til utgangen av juni 1978 gjekk lagra av eigne produkt i bergverk og industri ned med 4 prosent og lagra av eksportvarer ned med 1 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1977 var 72,5 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1978 var produksjonen om lag 46,2 milliardar kWh, mot 42,1 milliardar kWh i same tidsrommet i fjor, ein auke på 9,7 prosent. Det innanlandske salet av petroleumsprodukt i same perioden gjekk ned med 2,9 prosent. Magasinfyllinga var 1. september i år 80 prosent. På same tid i fjor var magasinfyllinga 70 prosent.

Byggjeverksemda har hatt om lag same omfang i år som i fjor. Ved månads-skiftet juli–august var areal i arbeid 3,2 prosent mindre enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar–juli, var 6 prosent mindre, og areal som var teke i bruk, 6,7 prosent større enn i same perioden 1977.

I dei sju første månadene av 1978 vart det sett i arbeid 19 859 og fullført 21 619 bustader. Pr. 31. juli var det i arbeid 34 306 bustader. Samanlikna med 1977 er dette ein auke på 0,4 prosent for bustader som vart sette i arbeid, 3,6 prosent for fullførte bustader og 0,6 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein nedgang på 14,5 prosent for igangsett areal, ein auke på 9 prosent for fullført areal og ein nedgang på 7,2 prosent for areal i arbeid.

Handelsflåten minka med 1 377 000 bruttotonn i 1. halvår og var på 25,4 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i 1. halvår med 364 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 1,7 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 1,8 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,4 mill. bruttotonn, eller 0,1 mill. bruttotonn meir enn på same tid i fjor.

Gjennom dei første åtte månadene av 1978 var fraktratene stort sett særslig. Ved utgangen av juli låg 91 skip på til saman 6,6 mill. bruttotonn i opplag. Det er vel ein fjerdedel av heile den norske handelstonnasjen. Ved utgangen av juli i fjor var opplaget om lag ein femtedel av handelstonnasjen.

Både person- og godstransportar beidet innanlands auka med om lag 5 prosent i 1976. Dette er ein noko mindre vekst i persontrafikken og sterkare vekst i godstrafikken enn gjennomsnittleg for 1970-åra.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1977 på 78 900 km. Dette er 800 km meir enn året før. Om lag 39 350 km offentleg veg har fast dekke medrekna oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 98,8 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn, og på 7,4 prosent av riksvegane er det tillate med 10 tons akseltrykk. Nye bruer, ferjer og ferjesamband og forsterking av bruer har knytt vegnettet betre saman.

Vesterålsbruene i Nordland og Kvalsundbrua i Finnmark vart opna i 1978. Av andre viktige bruer som er opna for trafikk det siste året, kan nemnast Marøysundbrua i Nord-Trøndelag, som er første del av fastlandssambandet til Vikna, og Saltstraumbrua i Nordland på den såkalla Kystriksvegen.

Ved utgangen av 1977 var talet på registrerte bilar i Noreg om lag 1,3 millionar. Det er 7,6 prosent fleire enn året før. Bilparken har auka med vel 50 prosent sidan 1970. Biltettleiken er framleis størst i fylka på Austlandet, men det skjer ei stadig utjamning landsdelane imellom.

Vegtrafikken steig med gjennomsnittleg 10 prosent pr. år i 1960-åra. Deretter har veksten minka noko. I 1977 er auken i vegtrafikken ved teljestadene rekna til 4,5 prosent.

I 1977 vart 442 menneske drepne i vegtrafikken. Dette er 7 prosent færre enn året før. Talet på skadde auka derimot sterkt og kom opp i 12 600 personar i 1977. Dette er ein stigning på 21 prosent frå året før.

Den samla rutelengda i ferjesambanda pr. 31. desember 1977 var 2 488 km fordelt på 173 samband. Dei er trafikkerte av 260 ferjer med til saman 6 734 personbilplassar. Kapasiteten auka med nær 500 personbilplassar frå 1976. Det vart frakta 10 prosent fleire bilar og 6 prosent fleire personar i 1977 enn året før.

I alt 28 ekspressbåtar trafikkerer ruter på norskekysten i 1978. Bortsett frå overgangen til ekspressbåtar har det ikkje vore vesentlege endringar i dei sjøverts rutene i dei seinare åra.

Sjøtransporten, som er den viktigaste transportmåten for frakting av gods over lange avstandar, utførte i 1976 eit transportarbeid innanlands på 11,2 milliardar tonnkm. Dette er 63 prosent av den totale godstransporten innanlands. Den delen som den rutegåande sjøtransporten har av dette transportarbeidet, er liten og utgjer knapt 9 prosent.

Det reiste 33,6 millionar passasjerar med

jernbanen i 1977. Den gjennomsnittlige reise-lengda gjekk ned med 2,5 prosent, men person-transporten auka likevel med 0,4 prosent frå året før. Samtrafikken med utlandet som har auka sidan 1974, gjekk ned med 8,7 prosent i 1977.

Godstransport med jernbanen, utanom malm på Ofotbanen, auka i 1977 med 1,4 prosent. Når godstransporten heldt seg godt oppe trass i konjunktursituasjonen, kjem det i hovudsaka av at transporten av varer i samband med privat forbruk har auka. Malmtransportane på Ofotbanen gjekk tilbake med nærmare 24 prosent frå 1976 til 1977 og kom ned i 13,6 mill. tonn. Dette er det lågaste transporterte kvantum på 15 år. Grunnen til det dårlige resultatet heng saman med den internasjonale konjunktursituasjonen.

Kapasiteten på dei innanlandske flyrutene auka med 4,6 prosent i 1977. Talet på passasjerar på dei internasjonale rutene steig med 4,3 prosent, og på dei innanlandske rutene med 10,8 prosent. Den sterke trafikkauken på kortbaneflyplassane gjennom fleire år heldt fram også i 1977.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1977 38,6 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Talet på apparat auka med 86 000 i 1977. Av 1,6 millionar telefonapparat i landet er 91,7 prosent tilknytte automatiske telefonsentralar. Av den samla innanlandske telefontrafikken vart om lag 80 prosent avvikla automatisk i 1977. Det vart teke imot 80 000 tingingar på nye telefonabonnement i 1977, mot 68 000 i 1976. Alle trafikkgreinene i Televerket auka i 1977, bortsett frå telegramtrafikken, som går tilbake frå år til år.

I 1977 er den totale postmengda som Postverket tok seg av, rekna til 1,2 milliardar sendigar. Dette er ein auke på 9,4 prosent frå året før. Ved utgangen av 1977 var det i drift 2 948 faste poststader og 11 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader har gått ned med 34 i 1977, medan talet på postekspedisjonar er uendra. Landpostrutenettet er utvida for å gje posteneste til dei som sokna til dei nedlagde poststadene.

Konsumentprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 8,2 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjer. Frå januar til august steig indeksen med 4,2 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 4,2 prosent høgare enn i tilsvarende periode året før og produsentprisindeksen 3,4 prosent høgare.

Dei private inntektene har auka mindre frå 1977 til 1978 enn frå 1976 til 1977. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket endra seg lite frå 1. halvår i fjer til 1. halvår i år, og for 1978 under eitt reknar ein med at det private forbruket vil bli om lag som året før.

Detaljomsetnaden har auka med 3,7 prosent i første halvår 1978 i høve til første halvår 1977. Nedgangen i personbilsalet er hovudgrunnen til den dårlige utviklinga. Omsetnaden av klede og tekstilvarer, møbler og innbu har synt liten stigning. Detaljhandelen med næringss- og nytingsmiddel har auka med 9 prosent. Arbeidet med å sikre daglegvareforretningane i grisgrendte område held fram. Frå årsskiftet 1977–78 vart det sett i gang ei eiga rettleiingsteneste for daglegvarehandelen i dei nordlegaste fylka. Ho tek sikte på å heve standarden i småbutikkane i Namdalen/Nord-Noreg m. a. gjennom ei betre utnytting av dei støtteordningar som finst.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal gå ned med 13 prosent frå 1977 til 1978. Held ein investeringane i sjøfart og oljeutvinning m. m. utanfor, reknar ein med ein vekst på om lag 2 prosent. Frå 1976 til 1977 steig bruttoinvesteringane i alt med 1,3 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m. m. steig med 7,3 prosent.

Det er gjennomført ei rekke kreditt-politiske tiltak det siste året. I desember heva Regjeringa rentenivået og justerte rentepolitikken.

I januar vart det sett i verk tiltak for å dempe veksten i kredittfinansiert forbruk. Avbetalingsreglane vart skjerpa. Styresmaktene la opp til eit samarbeid med forretningss- og sparebankane om å redusere konsumlåna deira med 2 milliardar kroner i 1978. Samstundes vart utlånsrammene for bankane reduserte med til saman 1,3 milliardar kroner. Seinare vart dei reduserte med endå 1,1 milliardar kroner, og er no 5,8 milliardar kroner. Ein har teke i bruk § 8 i kredittlova om tilleggsreservekrav for å halde utlånsveksten i bankane innanfor ramma. Utlånsveksten i bankane har utvikla seg tilfredsstillande hittil i år, og det ser ut til at reduksjonen av forbrukslåna blir gjennomførte etter opplegget. Statsbankane kan som hovudregel berre nytte 40 prosent av løvingsrammene for 1978 i første halvår. Ramma for kommunalbanken for 1978 er redusert med 10 prosent. Seinare

er løyvingsrammene for alle statsbankane, med ein skilde unnatak, reduserte med 10 prosent.

**F i n a n s p o l i t i k k e n** førte i første halvår 1978 til noko mindre inndraging av likvidar frå publikum enn i første halvår 1977.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 13 prosent frå første halvår 1977 til første halvår 1978, medan overføringane auka med nesten 24 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var i første halvår 1978 35,1 milliardar kroner. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 14 milliardar kroner. Folketrygfondet med arbeidsmarknadsfondet var ved utgangen av første halvår på 14,6 milliardar kroner.

**K o m m u n a n e o g f y l k e s k o m m u n a n e** har etter kvart fått ansvaret for ein jamt aukande del av dei samla økonomiske ressursane i samfunnet. No i 70-åra disponerer denne sektoren rundt 15 prosent av nasjonalproduktet i skattar og avgifter. Dette er meir enn ei dobling samanlikna med åra rett etter krigen.

Samstundes har kommunane og fylkeskommunane teke over ein stadig større del av ansvaret for å løyse samfunnsoppgåvene. Sektoren står overfor sterke krav om ei vidare utbygging av undervisning, helse- og sosialomsorg, vassforsyning, kloakkreinsing og bustad- og miljøverntiltak. Den kommunale og fylkeskommunale aktiviteten er derfor framleis høg, og dei kommunale budsjetta er framleis stramme, samtidig som opplåninga er aukande.

Tiltak med sikte på å dempe veksten i kommunesektoren er sett i verk i 1978.

I 1977 vart det av løyinga til kommunale utbyggingstiltak gjeve tilsegn på 87,5 mill. kroner til spesielle grunnlagsinvesteringar og 25,1 mill. kroner til vassverk. I første halvår for 1978 er det på dei same postane gjeve tilsegn for ca. 81 mill. kroner og ca. 18 mill. kroner.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1977 tilsegn om lån og garantiar for 866 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott på 363 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting og opplæring med 32,5 mill. kroner. I alt vart det i 1977 gjeve tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond med 1 266 mill. kroner mot 1 036 mill. kroner i 1976. Pr. 1. august var det i 1978 gjeve tilsegn om ca. 376 mill. kroner i lån og ca. 201 mill. kroner i investeringstilskott.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 industrivekstanlegg. I alt hadde selskapet i august 1978 39 leidgetakrar som dispo-

nerer til saman ca. 165 000 m<sup>2</sup> industrilokale. Dei verksemndene som har flytta inn, hadde vel 2 700 sysselsette (medrekna dei som er sysselsette på dei anlegga som Akersgruppen sjølv har i Verdal).

Det er sett i gang tiltak for å redusere ureiningstilførslene i ei rekkje vassdrag med alvorlege ureiningsproblem. Mjøsa er gjeven høgaste prioritet, og utslepp som inneholder fosfat, blir reduserte i samsvar med det handlingsprogrammet som er lagt opp. Luftureiningane frå industrien i Noreg har dei siste åra vorte monaleg reduserte. For fleire typar ureining er mengda av utslepp redusert til under det halve.

Eit landsomfattande opplegg for innsamling og behandling av bilvrak og anna metallskrap vart sett i verk frå 1. mai. Opplegget er basert på gjenvinning av stålskrapet. Ordninga med utbetaling av pant for bilvrak som blir innleverte til godkjent oppsamlingsplass, er eit viktig ledd i opplegget.

Det er sett i gang ei rekkje tiltak for å styrke vernet mot oljekatastrofar, m. a. eit fireårig forskings- og utgreiingsprogram for å finne botemiddel mot oljeureiningar.

Styrking og effektivisering av arbeidet med naturvern har ført til ein monaleg auke i talet på gjennomførte naturverntiltak. Landsoversikta over representative naturtypar er send til dei offentlege instansar det vedkjem, for at dei skal kunne uttale seg. Denne oversikta gjev, saman med fylkesvise oversikter over område for naturvern og friluftsliv, eit godt grunnlag for å ta vare på verne- og sikringsinteressene på alle steg i arealplanlegginga og overfor planar om inngrep i naturen. Det er sett i verk omfattande tiltak for å sikre område til allment friluftsliv.

Det er sett i gang undersøkingar for å få ei betre oversikt over naturvern- og friluftslivsinteresser i dei vassdraga som ein tidlegare har vedteke skal vernast i ti år mot kraftutbygging.

I alt har 17 fylke medrekna Oslo utarbeidd og vedteke fylkesplan for perioden 1976–79. Planane er behandla sentralt og godkjende.

Det blir arbeidd vidare med å styrke og utvikle generalplanarbeidet i kommunane, m. a. for å oppnå ei enklare og raskare behandling. Om lag  $\frac{1}{3}$  av kommunane i landet er no ferdige med eller har komme med utkast til generalplan.

Kulturminnevernet er også i år vorte styrkt.

Grunnbeløpet i folketrygd vart auka frå kr. 13 400 til kr. 14 400 med verknad frå 1. desember 1977 og til kr. 14 700 med verknad frå 1. juli. Særtillegget til ytingar frå folke-

trygda er frå 1. januar auka frå 31 til 36 prosent av grunnbeløpet for ugift pensjonist og pensjonist med ektemake som ikkje har pensjon frå folketrygda. For pensjonist med ektemake som har pensjon, vart satsen heva frå 30 til 35 prosent.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart auka med 10 prosent frå 1. januar.

Frå 1. juli er det sett i verk ei ny sjukepengeordning i folketrygda. Alle arbeidstakarar får no full lønn frå den første sjukedagen. For sjølvstendig næringsdrivande er sjukepengane sette til 65 prosent av inntekta og blir betalte ut etter 14 dagar. Dei har rett til å teikne tilleggstrygd. Sjukepengane er skatte- og avgiftspliktige og vert rekna med som pensjonsgjevande inntekt. Arbeidsgjeveren har plikt til å yte sjukepengar i dei fyrste 14 dagane, men som ei mellombels ordning blir det gjeve refusjon frå trygda dersom fråværet er meir enn 10 dagar. Det er innført ei ordning med sjølvmelding slik at det ikkje skal leggjast fram fråsegn frå lege dersom fråværet er på tre dagar eller kortare. Det er fastsett reglar om særskilde trygdeordningar for arbeidsgjeverar som har få tilsette eller som tilset arbeidarar for kort tid. Like eins har ein reglar om fritak for arbeidsgjeveransvaret for arbeidstakarar som har stort sjukefråvære på grunn av langvarig eller kronisk sjukdom. Det er innført rett til sjukepengar for den som til vanleg må rekna som arbeidstakar, men som ikkje er i noko arbeid på den tid har blir sjuk.

Arbeidstakarar som må vere borte frå arbeidet fordi dei har små barn som er sjuke, har frå 1. juli rett til sjukepengar frå arbeidsgjeveren inntil 10 dagar for året. Denne retten gjeld i 20 dagar for dei som åleine har omsorg for barn. Sjukepengane for dei siste 10 dagane blir dekte av folketrygda.

Personellsituasjonen innan den offentlege legetenesta er for tida ikkje tilfredsstillande. Spesielt er situasjonen prekær i dei tre nordlegaste fylka og i einskilde distrikt på Vestlandet.

For å hjelpe på den vanskelege situasjonen er det frå 1. januar oppretta 25 distriktslegestillingar på fast lønn i Nord-Noreg i von om å gjøre stillingane meir attraktive.

Vidare er det frå 1. juli sett i verk ei prøverordning med fem helse- og sosialsenter.

Siviltenestepliktige leger vil kunne utføre teneste i lededistrikt med utilfredsstillande legedekning.

I samsvar med lov av 14. juni 1974 nr. 47 om godkjenning m. m. av helsepersonell er det utarbeidd forskrifter for godkjenning av fysikkjemikarar, fotterapeutar og medisinske laboratorieingeniørar.

Lov av 3. juni 1977 om sterilisering m. m.

med verknad fra 1. januar 1978 innfører som hovudregel at ein person som er busett i landet og som har fylt 25 år, kan bli sterilisert når han sjølv ønskjer det.

Etter vedtak i Stortinget er det sett i verk ymse svangerskapsførebyggjande tiltak og hjelpestiltak for vanskelegstilte gravide.

Det er gjort tiltak for å styrke helsekontrollen innan oljeverksemda.

Det har vore arbeidd med planar for eit nytt regionsjukehus i Tromsø og for utvidingar ved regionsjukehuset i Trondheim. Arbeidet med desse to institusjonane har vore dei største einskildprosjekta i denne sektoren.

Utbygginga av sjukeheimar har vore prioritert og arbeida har gått etter planen.

Arbeidet med å godkjenne helseplanar i fylka har gått etter føresetnaden. 16 planar er no godkjende.

Arbeidet med å byggje ut og heve standarden på institusjonar i det psykiske helsevernet og i helsevernet for psykisk utviklingshemma har vore prioritert.

I året som gjekk, har det gått for seg ei vidare nedbygging av dei store institusjonane i det psykiske helsevernet og i helsevernet for psykisk utviklingshemma.

Rapportar frå den offentlege tannhelsetenesta viser at bortimot alle barn og all ungdom i skolepliktig alder i landet no får tilbod om fri tannrøkt. Framleis kan ein registrere at tannhelsa mellom barn og ungdom blir betre.

Det var pr. 31. desember 1977 berre sju av kommunane i landet som ikkje har godkjent plan, eller planlegg å opprette og drive helse-sjukrepleieverksemd etter Sosialdepartementets retningslinjer.

Det er også i 1978 gjeve eit rammetilskott på 100 mill. kroner over statsbudsjettet for å styrke den sosiale administrasjonen og sosiale tiltak i kommunane.

I år er det eit vilkår for å få statstilskott at kommunen har oppfylt den norma for arbeidshjelp i sosialadministrasjonen som Sosialdepartementet har fastsett.

Vidare er det over statsbudsjettet for 1978 innført eit rammetilskot på 50 mill. kroner som skal nyttast til å dekkje ein del av dei utgiftene kommunen har til sosialstøtte etter lov om sosial omsorg, lov om barnevern og lov om edruskapsvern og edruskapsnemnder, slik at dei sosiale ytingane kan komme opp på eit tilfredsstillande nivå.

Ved utgangen av 1976 var det 8 817 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse var 4 921 under omsorg, 2 922 i fosterheimar og resten i institusjonar.

Over statsbudsjettet for 1978 er det løyvt 75 mill. kroner som rammetilskott til utbygging av den kommunale eldreomsorga. Mid-

lane blir fordelt etter talet på innbyggjarar over 67 år i kommunen.

Frå 1978 har ein endra gjeldande forskrifter for betaling for opphold i aldersheimar. M. a. er grensa for den friinntekt og formue pensjonærane kan ha ved eigenbetaling, sett monaleg opp.

Utbygginga av barnehagar held fram som planlagt. Vi har no i alt ca. 55 000 godkjende plassar, som svarer til ei dekning på ca. 13 prosent. 123 kommunar er ferdige med å arbeide ut planar for barnehageutbygging. Om lag halvparten av alle kommunane har teke til med utbygginga.

Det er no i alt om lag 1 400 plassar i fridshemmar for dei yngste skolebarna.

I noko over eit år har 14 kommunar drive familieundervisning for innvandrarar. Forsøka har synt at behovet for slike tiltak er stort, og det vil bli arbeidd vidare for å vinne røynsle og gjøre opplegget betre. Det blir òg arbeidd med morsmålstrening i barnehagane for barn som ikkje har norsk som morsmål. Dette er nødvendig for å motverke den därlege språkutviklinga, både på norsk og morsmålet, som kan bli resultatet av å bli omplanta til ein framand kultur.

Hjelpeordningane for heimane omfattar heimehjelp for eldre og uføre og husmorvikarstenesta. Det har vore ei sterkt utbygging av desse tenestene i dei fleste kommunane. Ein prøver også ut nye tiltak innanfor hjelpeordningane i ei rekke kommunar.

Utbygginga av det lokale forbrukarapparatet vart fullført i 1977, ved at Forbrukar- og heimstellkontora i Aust-Agder, Buskerud og Nord-Trøndelag kom i drift. I alt er det no 18 kontor i drift. Det har vore ein sterkt oppgang i det samla talet på klager til Forbrukarrådet. Auken i 1977 fra 49 500 til 63 000 fall i hovedsaka på kontora i fylka, som tok imot i alt 42 000 klager mot om lag 29 500 i 1976.

Hos Forbrukarombudsmannen vart det i 1977 registrert 1 752 nye saker, mot 1 968 i 1976. I dei aller fleste sakene som blir vurderte, oppnår ein å endre marknadsføringa. I 83 prosent av sakene vart det anten konstatert forhold som var i strid med lova eller tiltaket vart stansa eller endra ved ei frivillig ordning. Talet på saker har gått noko ned, og ein grunn til det kan vere at Forbrukarombudsmannen har oppnådd ei sanering av den marknadsføringa som er i strid med marknadslova.

Utgiftene til utdanning, kyrkje- og kulturförmla på stats- og kommunebudsjetta er i 1978 om lag 18,2 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1090 prestestillingar utan feltpreststillingane. Det har vore auka tilgang på sökjarar til desse stillingane, og

talet på ledige prestestillingar er monaleg lågare enn det som har vore vanleg i dei siste tiåra. Talet på kateketstillingar er komme opp i 53.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1977–78 var om lag 830 000. I skoleåret 1978–79 er elevtalet i grunnskolen om lag 594 700.

Den desentraliserte utbygginga av grunnskolen held fram. Det er oppretta 26 nye skular/krinsar på barnesteget i dette skoleåret.

I dei statlege skolar for spesialundervisning går elevtalet ned. Nedgangen er sterkest på barnesteget. Fleirtalet av elevane i desse skolane fekk i skoleåret 1977–78 undervisning på ungdomssteget og på vidaregåande steg.

Elevtalet i dei kommunale spesialskolane går òg ned. Talet på elevar som får spesialundervisning i eigne klassar i den vanlege skolen synner i staden ein monaleg auke.

Utbygging av spesialpedagogiske tiltak for barn før skolealder er kommen godt i gang i kommunane. Ein reknar med at vel 3 000 småbarn får slik hjelp i skoleåret 1978–79.

I skoleåret 1978–79 er det i kommunale og fylkeskommunale vidaregåande skolar om lag 135 000 heilårselevar. Flesteparten av dei nye studieplassane kjem i yrkesfaglege studierettingar, og det blir lagt sterkt vekt på utvikling av nye fagtilbod.

Det er sett i gang tiltak for å auke tryggleiken til sjøs. Fleire av dei maritime skolane får no radarsimulatoranlegg. Ved nokre sjøaspirantskolar er det bygd ut øvingsanlegg for opplæring i tryggleik for sjøfolk.

Det blir no gjeve utdanningstilbod til personell på bore- og produksjonsplattformer.

Talet på læringsplassar i verksemndene er auka. Det er òg sett i verk tiltak for å hjelpe ungdom som ikkje har fått eller teke imot tilbod om vidaregåande opplæring.

Ved utgangen av juni månad var det om lag 496 000 m<sup>2</sup> skolebygg i arbeid. Til nybygg for yrkesliner i den vidaregåande skolen er det gjeve omframt statstilskott.

Det er no i drift 9 distrikthøgskolar med om lag 5 300 studentar. Etableringa av ingeniørhøgskolane som særskilde statlege institusjonar er no gjennomført, etter at det tidlegare felles lærarpersonalet for teknisk skole/teknisk fagskole er delt på den statlege høgskolen og den fylkeskommunale tekniske fagskolen. Studenttalet ved ingeniørhøgskolane er om lag 4 900.

Ved dei pedagogiske høgskolane vart det våren 1978 uteksaminert 1 450 allmennlærarar, 1 100 forskolelærarar og 220 faglærarar, 3 100 lærarar tok 1-årig vidareutdanning som fulltidsstudentar og 2 000 tok ½-årig vidareutdanning som deltidssstudentar.

Ved universiteta og dei vitskaplege høgsko-

1978. 3. okt. — Åpning av det 123. ordentlige Storting

lane er det i haust eit studenttal på om lag 41 000, ein nedgang på om lag 1 000. Talet på norske studentar i utlandet er no om lag 2 700. Reising av nybygg for universiteta held fram. Det er mellom anna teke i bruk første byggesteg for preklinisk medisin ved Universitetet i Oslo, for Universitetet i Trondheim på Dragvoll og for Universitetet i Tromsø i Breivika.

Dei betra tilskottssordningane som vart innførte i samband med lov om vaksenopplæring, har ført til auka verksemd på dette feltet. Ein del arrangørar av vaksenopplæringsstiltak har òg teke opp arbeidet med å utvikle høvelege tilbod for grupper som står svakt.

Det er no 37 opplysningsorganisasjonar som har allmenn rett til statstilskott, mot 28 i fjar. I 1977 var det gjeve tilskott til om lag 1 500 000 studietimar med om lag 743 000 kursdeltakarar.

I førstegongsutdanninga for vaksne i grunnskolen og den vidaregåande skolen vart det gjeve tilskott til om lag 230 000 studietimar med om lag 29 000 deltakarar.

Det er i gang arbeid med å tilpasse undervisningsplanane for arbeidsmarknadskursa til dei behova for omskolering og opplæring som er ei følgje av strukturendringane i industrien.

I samhøve med lova om vaksenopplæring er det sett i verk ei tilskottssordning for bedriftsopplæring. Dette året er det gjeve tilskott til ulike opplæringsstiltak for tilsette i om lag 150 bedrifter.

Interessa for opplæring ved brevkurs er framleis stor. Gjeldande tilskottsreglar er prolongerte til 1. januar 1980.

Det er no i gang 88 folkehøgskolar med eit samla elevtal på om lag 7 800.

I undervisningsåret 1978–79 er norma for studiestønad til skoleungdom og studentar over 20 år kr. 2 150 pr. månad. For dei som kan bu heime, er summen kr. 1 610.

Frå og med 1977 vart det innført ei ordning med garantiinntekt for kunstnarar. I 1977 hadde 180 kunstnarar slik inntekt. Det vart elles gjeve stipend til 431 kunstnarar over statsbudsjettet for 1977. Av desse var det m. a. 20 livsvarige kunstnarlønner, 110 treårige arbeidsstipend, kvart på kr. 38 500, og 166 stipend til eldre fortente kunstnarar.

Det er komme i stand regelverk for forhandlingar mellom staten og kunstnarorganisasjonane.

I 1977 kom eit nytt regionteater i drift i Sogn og Fjordane.

Dei offentleg stødde teatra gav i 1977 om lag 4 500 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1,2 mill. Kinoane i Noreg

hadde i 1977 eit besøk på om lag 16,8 mill. og musea eit besøk på om lag 3,1 mill.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebibliotek var i 1977 om lag 22,3 mill. band.

Statlege overføringer til allment kulturarbeid i kommunar og fylkeskommunar kom i 1978 opp i ein sum på 57,3 mill. kroner som er ein auke på om lag 30 prosent frå 1977. Omorganiseringa av styringsorgana for kulturarbeidet i fylkeskommunar og kommunar er godt i gang på grunnlag av dei prinsippa som vart lagde fram i dei to kulturmeldingane.

Den delen av tippemidlane som fall på idretten, var i 1977 135 mill. kroner, ein auke på 34 mill. kroner frå året før. I 1977 vart det m. a. gjeve tilskott til 39 idrettshaller, 39 symjehaller, 78 lysløyper og 35 samfunnshus. I alt har 714 anlegg fått stønad frå tippemidlane i 1977.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet! Det 123. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har erklært åpnet, går nå til sin ansvarsfulle gjerning.

Dette Storting begynner sine forhandlinger på et tidspunkt da de store økonomiske spørsmål — både internasjonalt og her heime — opptar oss alle sterkt. Det å finne løsninger på de problemer vi er stilt overfor på det økonomiske området, er en oppgave som vil kalle sterkt på representantenes evne til samarbeid for å finne fram til beslutninger som, så langt det er mulig, kan samle oss om den store oppgaven det er å opprettholde sysselsettinga, sikre våre næringers utvikling og å få en balansert vekst i hele landet.

Trontalen som Deres Majestet har overlevert Stortinget, bærer bud om at mange og store saker vil bli tatt opp til behandling i den kommende stortingssesjonen. Sammen med statsbudsjettet vil disse danne hovedgrunnlaget for Stortings arbeid i sesjonen.

Også den internasjonale situasjonen er preget av uløste konflikter, av uhyggelige naturkatastrofer og av en stadig økende flyktningestrøm i flere verdensdeler. Vi er glad for den muligheten til løsning av Midtosten-konflikten som vi nå kan se, men vi beklager den skuffende utvikling i frigjøringsprosessen i det sørlege Afrika. Det er i høy grad påkrevd med en internasjonal innsats for en løsning av de store internasjonale oppgaver, en innsats som også kaller på Norge og det norske folkets bidrag.

Kongen og hans råd vil i dette arbeidet kunne regne med støtte fra Stortingets side.

Den gjerning som representantene nå skal ta fatt på, legger et stort ansvar på hver enkelt av oss, og vi går til dette arbeid i håpet om at det må gagne vårt fedreland og bli et bidrag til beste for menneskene i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

Ved begynnelsen av dette arbeidsår for Stortinget samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.

---